

Fra: Amundsen, Åshild Myhre[Ashild.Amundsen@lom.kommune.no]
Sendt: 28.08.2024 18:02:52
Til: Post Innlandetfylke[post@innlandetfylke.no]
Kopi: Frisvold, Kristian[Kristian.Frisvold@lom.kommune.no]; Gårderløkken, Jostein[jostein.garderlokken@lom.kommune.no];
Tittel: Endeleg høyringsuttale frå Lom kommune knytt til skulestruktur-saka + utgreiing frå KS-konsulent

Denne eposten er sendt fra en person utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg før du er sikker på hvem avsender er og at innholdet er trygt.

Hei,

På vegne av Lom kommune sender eg over den endelege høyringsuttala frå Lom kommune knytt til skulestrukturen i Innlandet.

Eg legg også med utgreiinga til KS-konsulent Jo Fiske, som er sitert i uttala.

Fint om de kan bekrefte at høyringsuttala er motteke.

Vennleg helsing
Åshild Myhre Amundsen
Næringsjef & landsbykoordinator
Miljø|Teknisk| Næring
ashild.amundsen@lom.kommune.no,
Tlf: 975 22 977 | www.lom.kommune.no



Lom
nasjonalpark-
landsby

Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.

Barnets beste – vurderinger i sak 2024/9171-1:

Høring - Framtidig skole- og tilbudsstruktur og alternative opplæringsmodeller i Innlandet fylkeskommune

En vurdering av saksfremlegget, spesielt med fokus på barnets beste – vurderinger.

Saken er utredet hovedsakelig med vekt på økonomiske og driftsmessige konsekvenser, og den har en del faglige vurderinger basert på behov for arbeidskraft samtidig som tilbuddet skal være tilpasset det elevene søker på. Hovedbegrunnelsen for å endre strukturen og legge ned skoler er synkende elevtall, og derav et behov for å redusere utgiftene i Fylkeskommunen. Men de økonomiske konsekvensene er ikke tallfestet, og dermed er det vanskelig å skille de ulike modellene fra hverandre og se hvilke økonomiske gevinster det gir. Dette skal først komme i oktober, og derfor blir det en vesentlig svakhet i høringsutkastet når man ikke kan sette de ulike modellene opp mot økonomiske effekter. Forvaltningsloven er tydelig på at en sak skal være tilstrekkelig utredet med valgmuligheter og tilhørende konsekvenser slik at man politisk kan ta bestemmelser på et riktig kunnskapsgrunnlag. Det samme må gjelde et høringsutkast, og her er det vanskelig å vurdere hvilke summer det faktisk dreier seg om.

Lovverket når det gjelder skolestrukturutredninger er ikke så tydelig, men det er et klart lovkrav både i Grunnloven og FN`s barnekonvensjon at i alle saker og vedtak som angår barn, skal det være en barnets beste – vurdering. Og for å gjøre en barnets beste – vurdering må man også få fram barnets stemme. Barnets stemme skal tillegges vesentlig vekt.

I dette saksfremlegget er det flere beskrivelser av konsekvenser for elevene, men det er ingen vurderinger som konkluderer med hva som er **best for eleven**. I kriteriesettet som fylkeskommunen har satt opp, er heller ikke denne vurderingen en del av kriteriene. Det mangler også vurderinger på hva som er best for elevene av de ulike modellene som blir skissert. Selv om høringsinstansene blir bedt om uttale seg om hvilke «partnerskapsmodeller for de kommunale ansvarsområdene i elevtjenesten som best ivaretar elevenes behov for et skolemiljø med trivsel og sosial tilhørighet», er det ingen vurderinger man kan ta utgangspunkt i.

Elevens stemme

En tredje vesentlig mangel i høringsutkastet er elevens stemme. Det vises til en erfaringsskonferanse der det var noen få elever til stede, men det var bare representanter fra elevråd, og man får ikke opplyst hvor mange som deltok f.eks. fra Lom kommune. I saksfremlegget nevnes det at de oppmøtte var fornøyd med å få uttale seg, men det kommer ikke frem hva de sa. Når norsk lovverk er så tydelig på

at elevens stemme skal vektlegges i slike prosesser, blir det høringsinstansen som må uttale seg på deres vegne. Det betyr i praksis at hver enkelt kommune må kjøre prosesser for å hente ut disse stemmene. Men det er ikke lett for en ungdom å si noe om dette saksfremlegget når det er såpass tynt på å beskrive konsekvensene av de ulike alternativene. Det er heller ikke et språk i utredningen som gjør det enkelt å forstå innholdet.

Samfunnsøkonomiske konsekvenser og økonomiske konsekvenser for eleven/familien

I kapittel 10.2 står det at samfunnsøkonomiske konsekvenser og økonomiske konsekvenser for den enkelte elev ikke belyses. Det siste må sies å være til grensen for en saksbehandlingsfeil. Alle i Norge har rett på videregående utdanning, men dagens regler for borteboerstipend til elevene vil ikke dekke de faktiske kostnadene for å bo på hybel. Dermed er det mange som kan risikere å ikke ha råd til å ta videregående utdanning. Samtidig vet vi at den viktigste årsaken til å havne i utenforskap er å ikke ha fullført vgs. Da vil det også få store samfunnsøkonomiske konsekvenser. Oslo Economic kom med en rapport i 2023 som viser at et utenforskap i alderen 15 – 29 år i snitt koster samfunnet 730 000 pr.år.

Det samme gjelder opplysningen om at dersom du ikke får førstevalget ditt er sannsynligheten for å ikke fullføre 8,4 % mindre. Dette er en signifikant forskjell og da bør det være et vesentlig argument når tilbudet skal vurderes. Dette kommer i liten grad fram i konsekvensutredningen av de ulike modellene.

Det burde også vært nevnt noe om konsekvenser for lokalsamfunnet når en skole legges ned. Dette kan f.eks. føre til lavere skatteinntekter, lavere rammetilskudd og lavere elevtall hvis lærere flytter.

Noen eksempler fra saksframlegget:

Bærekraft:

Utredningen viser til FN`s bærekraftsmål om utdanning, og det er fint at det vektlegges skoler med høy kvalitet. Det vises også til at større skoler med stort fagmiljø gjennomgående gir høy kvalitet og blir stabile institusjoner over tid. Men det mangler et moment fra bærekraftsmålet og det er **Lik rett til utdanning**. Ved å legge ned de fleste nærskoler og redusere det faglige tilbudet, vil alternativet for mange flere elever være å bo på hybel for å ta en utdanning de har rett på, og det vil gi økonomiske og personlige konsekvenser som vil gå ut over det likeverdige tilbudet.

Skoleskyss:

Saksfremlegget er tydelig på at flere elever vil få behov for skoleskyss. Det opplyses at elever må bo lengre enn 3 km fra nærmeste kollektivknutepunkt, bo mer enn 4 mil fra skolen eller ha en reisevei på mer enn 3 timer for å få borteboerstipend. Det nevnes også at «forsvarlig» reisetid er inntil 120 minutter hver vei. De fleste elevene fra Lom vil få minst en times reisevei, hver vei til Otta. Det betyr minst 360 timer i buss i året. Disse forholdene bør vurderes opp mot barnets beste og ikke bare være en saksopplysning. Å bruke så stor del av viktige ungdomsår i buss, er en vesentlig reduksjon av livskvaliteten.

Det samme gjelder kostnadene ved at så mange flere får skyss, hvor mye er det i forhold til det som spares inn ved strukturendringen? Det er også lagt fram at en del elever må skysses med drosje, noe som sannsynligvis vil gi svært store kostnader.

Å bo på hybel:

For alle alternativene blir det vesentlig flere som må bo på hybel. For elevene fra Lom blir det kanskje aktuelt for de fleste. Det vises til en rapport fra Nordland om at trivselen og faglige resultater for de som bodde på hybel var like stor som for de som bor hjemme. Dette er et ganske tynt grunnlag for å beskrive hvordan dette oppleves, det var få elever og det var for ett år, og det er ingen barnets beste – vurdering i denne sammenhengen. Videre vises det til at det skal settes inn ressurser for å arbeide med skolemiljøet både generelt og for de som må bo hjemmefra. I tillegg nevnes det at det kanskje må bygges internat for å dekke behovet for hybler. Begge disse tiltakene vil utløse store ressursbehov.

Det er ikke gjort vurderinger på tilbudet på hybler, dagens leiekostnader eller et overslag over hvor mange som må bo på hybel etter strukturendringen. Dersom over hundre elever fra Lom, Lesja og Dovre skal flyttes til Otta, vil det utløse et stort behov for hybler. I tillegg mangler det et kostnadsoverslag for et eventuelt internat, hvor mye dette vil koste å bygge og driftet sammenlignet med innsparingen ved strukturendringen.

Elever med ekstra behov:

Dette er svært tynt utredet, det skrives blant annet at elevene fra Storsteigen kan plasseres på andre skoler. Uten at det er nevnt hvordan og hva slags tilbud de skal få, og det mangler en vurdering på hvordan denne svært sårbare gruppen skal ivaretas.

Det faglige tilbuddet:

Det faglige tilbuddet i Nord-Gudbrandsdal vil bli vesentlig redusert da tre yrkesfaglige retninger foreslås lagt ned. Dette er ikke i tråd med det som beskrives i utredningen, at søkerne til yrkesfag prosentvis har økt de siste årene. I et område hvor

turistnæringen står sterkt er det et spørsmål om det også er i tråd med det samfunnet har behov for. Å vise til at elevene kan søke seg til Vinstra eller Lillehammer bør ha en barnets beste – vurdering. Sårbarheten ved å bo på hybel er større når det er få fra hjemstedet som bruker dette tilbuddet.

Nettilbud

Det er skissert et alternativ ved at noen elever kan ta deler av opplæringen gjennom nettstudier. Ny opplæringslov åpner for denne muligheten, men det er også klare betingelser for hvordan dette skal gjennomføres. Blant annet må det være en lærer til stede, eller det er en bedrift som tar seg av den faglige opplæringen. Uansett vil en slik studie koste noe, det er heller ikke utredet. Nå er det varslet tydeligere retningslinjer for denne typen undervisning, men det er uklart når det kommer.

Oppsummering:

Høringsutkastet er opptatt av å beskrive en ny struktur som er økonomisk bærekraftig i tråd med elevtallsutviklingen. Det er også en intensjon om å opprettholde et kvalitativt godt tilbud med gode fagmiljø.

Imidlertid mangler ganske mange elementer for at saken skal bli tilstrekkelig utredet og bli et godt kunnskapsgrunnlag både til høring og for kommende politiske vedtak. De største manglene er:

- Konkrete økonomiske beregninger for de ulike modellene. Det er gradert med høye og lave kostnader, men det er ingen indikasjoner på hva som ligger i begrepene.
- Konkrete beregninger på ekstra kostnader ved skoleskyss og evt. Internatbygg. Det samme gjelder eventuelle ombygginger av skolebyggene
- Samfunnsøkonomiske konsekvenser ved f.eks. økt utenforskning når tilbuddet reduseres
- Et totalregnskap som beskriver den endelige gevinsten av strukturendringen
- Gjenomgående mangler barnets beste – vurderinger
- Elevens stemme er ikke kommet fram.
- Tilbuddet til elever med spesielle behov og konsekvensene for dem er svært lite beskrevet

Etter vår vurdering har denne saksutredningen store mangler hvis det skal være et godt høringsutkast. Den mangler gjennomgående elevens beste – vurderinger, det mangler en konsekvensutredning av at så mange flere elever må bo på hybel, og det mangler økonomiske beregninger på de fleste områder. Derfor blir det vanskelig å gi en høringsuttalelse på et saksframlegg som er såpass diffus og bruker antakelser og «tro» når konsekvensene beskrives.

Jo Fiske

KS-konsulent



Lom

HØYRINGSUTTALE ANGÅANDE SKULESTRUKTUREN
FOR VIDAREGÅANDE SKULAR I INNLANDET



INNHOLD:

Uttala er delt i fem deler:

- Argumentasjon for å behalde Lomsskulen
- Moglegheitar for å vidareutvikle Lom vgs
- Innlandet fylkeskommune si utgreiingsplikt
- Geografiske avstandar i Gudbrandsdalen
- Stort lokalt engasjement i Ottadalen

Vedtatt i kommunestyret i Lom pr. 18. juni 2024, og i ad-hoc utvalet 27.august.

Foto: Hege Olimb Myhre

SAMANDRAG:

Lom kommune forstår at dette er ei krevjande sak, men stiller **seg likevel svært kritisk til at Nord-Gudbrandsdalen skule avd. Lom blir foreslått nedlagt i alle alternativa.**

Kommunen meiner at Lom bør halde fram og vidareutviklast i tett samarbeid med m.a. næringslivet.

Lom vgs er ein velfungerande skule som leverer svært gode resultat, m.a. ein gjennomføringsgrad på rundt 100%. Den er livsnerva i lokalsamfunnet vårt.

Vi meiner at kriteriesettet som er lagt til grunn er altfor snevert, og at utgreiinga manglar vesenteleg opplysningar.

Kommunen meiner at det ikkje er noko reelt eller godt alternativ å legge ned Otta for å behalde Lom, da tilbodsvifta i Nord-Gudbrandsdalen allereie er for snever.



DEL 1:

ARGUMENT FOR Å BEHALDE SKULEN I LOM

- Kvalitet: Lom leverer svært gode resultat
- Hensyn til barnets beste
- Næringslivet sine behov
- Attraktivitet
- Ta vare på eit godt utdanningstilbod i heile fylket
- Ta vare på viktige kompetansearbeidsplassar i distriktet

1: ARGUMENT FOR Å BEHALDE LOM VGS

Høg kvalitet: Dersom høg kvalitet er viktig for fylkeskommunen, bør Nord Gudbrandsdalen vidaregåande skule avdeling Lom (heretter kalla Lom vgs) stille sterkt. Høyr berre på dette:

- Skulen kan vise til ein høg_gjennomføringsgrad over tid, t.d. 99,1% i 2023 (mot 86% i Innlandet)
- Skulen har gode karaktersnitt, over snittet i fylket dei siste fem åra
- Skulen held til i gode lokaler utan store investeringsbehov. Utgard vart pussa opp for over 100 millionar i 2013.
- Skulen kan vise til 100% formidling. Dei som vil ha lære plass får lære plass.
- Skulen kan vise til høg_grad av trivsel blant både elevar og tilsette.
- Skulen kan vise til høg_oppfyllingsgrad på 83% (år 23/24)..
- Skulen er populær. Vågå ligg midt mellom Otta og Lom, som begge tilbyr studiespesialisering. Elevane frå Vågå står fritt til å velge, og dei siste sju åra har over 70% av desse valgt studiespes. i Lom i staden for på Otta. Og trenden er klar – dei siste to åra har det vore så få frå Vågå som har gått studiespesialisering på Otta at det ikkje ein gong kjem fram i statistikken*.

Lom kommune slit derfor med å forstå at det er aktuelt å legge ned ein skule som er så velfungerande, basert på eit “føre var”-prinsipp om befolkningsnedgang.

Elevgrunnlaget i Ottadalen er relativt stabilt dei neste ti åra. Framskrivingstala tek heller ikkje hensyn til fullføringsretten, som gir alle rett til vidaregåande opplæring til du fullfører og rett til nytt fagbrev sjølv om du har eitt frå før. I tillegg kjem talet på flyktningar, som kan bidra til vesentleg fleire elevar enn fyrst antatt.

* Færre enn fem elevar fordelt på både Vg1, Vg2 og Vg3. Tala har vi fått frå Inntakskontoret Innlandet.

1. ARGUMENT FOR Å BEHALDE LOM VGS

Hensyn til barn og unge.

Grunnlova peiker på at "barnets beste" skal vere eit grunnleggande hensyn. Det betyr at dette hensynet skal tillegges større vekt enn andre hensyn, og at det skal mykje til for å sette det til side.

I Norge har vi eit prinsipp om lik rett og moglegheit til utdanning. Når du må bu på hybel for å ta videregåande skule, har du fått retten, men moglegheita er ikkje den same.

-Elevar med spesielle behov, eller elevar som er sårbare av ulike årsakar, vil som regel bli ekstra utsett dersom dei ikkje får bu heime. Kva blir tilbodet til desse elevane?

Sjå elles meir under kapittelet om Innlandet fylkeskommune si utgreiingsplikt.



1. ARGUMENT FOR Å BEHALDE LOM VGS

Viktig rekrutteringsarena for bygg- og anleggsbransjen:

Nord Gudbrandsdalen vidaregåande skule avdeling Lom har i dag fagutdanning innanfor bygg og anlegg. Bygg og anleggsbransjen er ei stor bransje i Gudbrandsdalen, og trenden har vore aukande dei siste 20 åra. (ref. innlandstatistikk). I eit lesarinnlegg tidlegare i vinter understreka denne næringa mangelen på arbeidskraft og kor viktig bygg- og anleggslinjen i Lom er for rekruttering, særleg med tanke på læringar.

Næringslivet skriv sjølv at ei nedlegging av skulen i Lom vil ha *"enormt store og katastrofale konsekvenser for bygg- og anleggsnæringa"*, og viser til at ei nedlegging vil svekke m.a. rekrutteringsgrunnlaget, antall nyetableringar, gjennomføringsgraden og fagmiljøet i Norddalens, i tillegg til dei samfunnsmessige konsekvensane.

Lesarinnlegget er underteikna av ei rekke næringsaktørar frå Lom, Skjåk, Vågå og Dovre, sjå sitat bakerst i presentasjonen.

1. ARGUMENT FOR Å BEHALDE LOM VGS

Sikre eit godt utdanningstilbod i heile fylket og legge til rette for “eventyrlege muligheter” også i distriktskommunar

Dersom Innlandet i framtida skal vere ein attraktiv plass å busette seg så er utdanningstilbodet svært avgjerande for mange familiar.

Dei siste 15 åra har åtte (!) yrkesfaglege utdanningstilbod vorte lagt ned i Nord-Gudbrandsdal, mellom anna naturbruk, design og handverk og IKT-servicefag.

Elevane som ynskjer desse utdanningsprogramma må ut av regionen og bu på hybel.

I tillegg har det negative konsekvenser for næringslivet. Dette veit vi, for vi har opplevd det allereie. Frisør vart til dømes sentralisert til Gjøvik for nokre år sidan.

I etterkant har det vorte neste umogleg å få tak i lærlingar for frisørsalonger i vårt område. I Fjukken (21. april 2021) står det at *“tre av fire frisørsalonger i Vågå har i vår søkt etter folk, men opplever at responesen er dårlig. To av dei risikerer i verste fall å måtte stenge salongen noko. Merete Berg meiner det er fleire grunner til at det er vanskeleg, og peiker særleg på at frisørlinja på Otta vart lagt ned for nokre år sidan”*.

1. ARGUMENT FOR Å BEHALDE LOM VGS

Bevare viktige heilårs kompetansearbeidsplassar i distriktet:

Skulen i Lom er arbeidsplassen til rundt 20 tilsette, og desse kompetansearbeidsplassane er utruleg viktige for Ottadalen. Dersom eit skuletilbod blir lagt ned i sentrale strøk så har vanlegvis både elvar og lærarar andre alternativ i nærlieken. **Dersom eit skuletilbod eller ein skule blir lagt ned i ein distriktskommune kan det vere vanskeleg å finne ledig jobb som lærar i nærlieken, og heile familiar / par kan bli tvungr til å flytte.** Dette har negative konsekvensar både for den enkelte og for samfunnet.

Kommunane i Ottadalen er allereie i dialog med mange som no re-vurderer Ottadalen som ein attraktiv plass å bu i framtida dersom skulen i Lom blir nedlagt.



Foto: Live Andrea Sulheim / Lom kommune

1. ARGUMENT FOR Å BEHALDE LOM VGS

Attraktivitet: Vi vil påsta at Lom og Ottadalen har mange stadbundne kvalitetar gjer det attraktivt for lærarar og elevar å jobbe / gå på Lom vgs.

Vi kan t.d. nemne:

- Eit triveleg, kompakt sentrum med ei rekke butikkar, restauranter, kafear og aktivitetstilbod
- Store naturkvalitetar i umiddelbar nærleik, med Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen nasjonalpark på kvar sin kant
- Eit stort moderne fleir brukshus med m.a. treningsrom, svømmehall, kultursal og idrettshall
- Kort veg til idrettsanlegget i Grov, der det finst ein rekke tilbod

Sjå meir om kva som finst i Lom her.



Foto: Iver Aakre Lund, Fyrst og fremst



DEL 2: MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Dagens status:

I dag har Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule avdeling Lom desse linjene:

Studiespesialiserande (Vg1 – Vg3)
Bygg og anleggsteknikk (Vg1 Bygg og anleggsteknikk)
Tømrer (Vg2)

Foto: Elevar frå Lom vgs



DEL 2:

MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Lom kommune ynskjer at Lom vgs skal styrkast på følgjande vis:

Innan mat og reiseliv:

- Vg1 Restaurant og matfag blir lagt til Lom
- Vg1 Salg- service og reiseliv blir lagt til Lom
- Vg 2 Reiseliv
- Vg2 Baker og konditor blir lagt til Lom
- Vg 2 Kokkefaget blir lagt til Lom

Innan bygg og anlegg:

- Vg2 Anleggsteknikk

Foto: Live Andrea Sulheim / Lom kommune



2: MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Innan mat og reiseliv: I dag må elevar frå Ottadalen reise til Otta for å gå Restaurant- og matfag og Salg, service og reiseliv på Vg1, og deretter må dei flytte til Lillehammer eller lenger for å gå Vg2. Vi meiner at denne todeling gjer linja mindre attraktiv. I tillegg har tilbodet på Otta hatt dårlege søkeratal over tid, og har vore foreslått nedlagt før, m.a. i 2022.

Det blir også foreslått nedlagt denne gongen.

Lom kommune meiner derfor at ei satsing på desse faga i Lom, både på Vg1 og Vg2, ikkje er å stjele noko frå Otta - men ei titlak **for å sikre at vi beheld eit svært viktigutdanningstilbod i regionen vår. Vi er redd for at tilbodet elles vil bli sentralisert.**

Foto: Brimi Sæter

MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Innan mat og reiseliv (fortsettelse):

Innlandet fylkeskommune er eit reiselivsfylke og satsinga på lokalmat i reiselivet er tydeleg i strategiane både hjå statsforvaltaren, fylkeskommunen og regjeringa gjennom "Matnasjonen Norge 2030". Bransjen og faglege instansar legg vekt på utfordringane med rekruttering, men likevel er fagtilbodet innan mat og reiseliv foreslått nedlagt i både Nord- Gudbrandsdalen, Valdres og Nord Østerdalen. Dette er tre sterke regionar innanfor fagfeltet. Korleis står forslaget om nedlegging i stil med næringslivet sine behov?

Ved å samarbeide tett med lokalt næringsliv og kjente profiler som Arne Brimi meiner kommunen at det kan vere grunnlag for både VG1 og VG2-klassar i Lom.

Døme: Kvifor må ein elev frå Nord-Gudbrandsdalen flytte heilt til Storhamar for å bli baker og konditor (Vg2), når eit av Norges beste bakeri ligg i Lom?



Foto: Fossheim / Ola Rossehaug



Foto: Fjellsmaken / Mari Wedum

2: MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Innan mat og reiseliv: Lom kommune og Ottadalen har lenge vore kjent for sine gastronomiske kvalitetar og sterke fagmiljø innan mat og reiseliv, som det er naturleg for skulen å samarbeide med. Her er nokre av dei:

- Bakeriet i Lom
- Aukrust gard og urteri: Produksjon av salat, krydder, te m.m.
- Lom bryggeri: øl med lokale råvarar
- Ei rekke bedrifter innan mat, handel, transport og overnatting både i og utanfor sentrum. Sjå oversikt på www.visitjotunheimen.com
- Innan mat kan det nemnast m.a. Arne Brimi / Vianvang, BrimiBue, Fossheim hotell, Røisheim og lokalmatbutikken Smak i Lom.
- Foredlingsbedrifter som Brimi Sæter og Skjåkmat
- TINE Ysteriet Lom og Skjåk
- Ottadalen Mølle / Ofossen Mølle
- Aktivitetsbedrifter som Fyrst og fremst og Aktiv i Lom
- Norsk fjellsenter, Fossheim steinsenter, Klimapark 2469,
- Destinasjonsselskapet Visit Jotunheimen
- Opplæringskontor (dette gjeld uavhengig av om skulen ligg i Lom eller på Otta).



2: MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Plassering for reiseliv / matfag på kort sikt:

Kommunen har dialog med minst to næringsaktørar som kan bidra med utleige av lokaler på kort sikt for å få etablert eit slikt tilbod i Lom. Kommunen har også ledige areal i nærleiken som potensielt kan omdisponerast og oppgraderes v/ behov for undervisningslokale.

Plassering for reiseliv / matfag på lang sikt:

Det pågår eit forprosjekt i Lom som kan bidra til å løfte fagmiljøet innan reiseliv og gastronomi til eit nytt nivå, og der undervisningskjøken og lokaler kan bli ein del av ei større bygningsmasse. Prosjektet er i tidleg fase enda, men kan gi svært spennande utviklingsmoglegheiter på sikt.

Foto: Brimi Sæter



DEL 2:

MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Lom kommune ser for seg styrking av Lom vgs på følgjande vis:

Innan bygg og anlegg:

- Vg2 anleggsteknikk blir lagt til Lom, med utplassering hos entreprenører i distriktet

Foto: Canvas



2: MOGLEGHEITAR FOR LOM VGS

Innan bygg og anlegg:

Lom kommune ynskjer at det blir oppretta ei Vg2-linje i anleggsteknikk i Lom. Denne bør etablerast etter same prinsipp som Vg2 Tømrer i Lom, med utplassering i bedrift halve skuleåret.

Ein slik modell vil føre til at skulen ikkje treng eigne maskiner (reduserer investeringskostnaden), og vi vil få ei sterkare kobling mellom elevane og privat næringsliv.

Det er i dag 75 plassar på Våler og det er 169 søkjrarar, deriblant mange frå Gudbrandsdalen. Det må vere mogleg med fleire plassar i fylket for å tilfredsstille arbeidskraftbehovet.



2: MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Innan bygg og anlegg: Ei ny linje vil løyse ut behov for meir plass til både skulelokale og hyblar.

Kommunen har ei ledig tomt som er egnet for formålet. Tomta (70/183) er regulert til offenteg / privat tenesteyting med underføremål undervisning. Den ligg like i nærleiken av dagens byggfagavdeling, der det kan bli plass til både undervisningslokale, hyblar og parkeringsplass.

Sjå vedlagt skisser som viser mogleheitsrommet.

Storlek:

Plan 2: 800 m²

Plan 1: 800 m²

Plan U: 975 m²

Foto: Elevane frå bygg og anlegg i aksjon



Lom Vidaregåande Skule

Skule-/internatbygg
Plan 2 800 m²
Plan 1 800 m²
Plan U 975 m²



Mønsterbygg
Avlastningsbygg



Skule- og internatbygg

nordplan
NORDNORSK PLAN



Skule- og internatbygg -



2: MOGLEGHEITAR FOR LOM VGS

Innanfor digital undervisning / nettskule:

Dersom fylkeskommunen går vidare med tanken om ein nettskule bør desse arbeidsplassane knytast til skulane som ligg i distriktet (kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6), som t.d. Lom.

På den måten kan det vere eit positivt bidrag for å oppretthalde store nok fagmiljø og bidra til å oppretthalde viktige kompetansearbeidsplassar i heile fylket.



2: MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Innanfor studiespes:

I 2022 søkte Lom om å få status som landslinje for fjellfriluftsliv, basert på at Ottadalen kan tilby eit stort mangfald innanfor friluftsliv. Landslinjesøknaden fekk dessverre ikkje gjennomslag, men søknaden bygger uansett på eit viktig fundament. **Lom vgs har friluftsliv som programfag, og dette er eit svært populært tilbod som bidreg til å gjere skulen meir attraktiv, og som er ein viktig rekrutteringsarena for bedrifter innanfor naturbasert reiseliv.**

Utan å konkurrere med idrettsfag på Otta så bør Lom dyrke dette vidare. Her finst det mange gode lokale krefter å spele vidare på, t.d. Jotunfjell leirskule, Soleggen leirskule og lokale bedrifter innan naturbasert reiseliv.

Foto: Johan Wildhagen



2. MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Innan studiespes: Norsk fjellsenter og Klimapark 2469 jobbar med m.a. formidling, brearkelogi, klima og info om nasjonalparkar. Dei har eit tett samarbeid opp mot forskningsmiljø som Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, Bjerknessenteret og Metrologisk institutt. Fjellsenteret har status som besøkssenter nasjonalpark og jobbar allereie aktivt med formidling mot barn og unge knytt til klima, natur og miljø. Fossheim steinsenter har unik geologisk kompetanse og den største samlingen med mineraler i Norge.

Det bør ligge gode moglegheiter for å koble Lom vgs. tettare på desse fagmiljøa.
Det bør òg nemnast at det blir jobba for eit nasjonalt kompetancesenter for fjellredning i Lom.

Foto: Cathrine Dokken, Kreativ Strek



2: MOGLEGHEITER FOR LOM VGS

Lom kommune meiner at skulen i Lom bør bli løsrevet frå overbygninga "Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule" og få sin eigen rektor. Dette er forutsatt fritt skulevalg, slik at ungdommen i Skjåk, Lom og Vågå står fri til å velge Lom som skulestad.

Fylkeskommunen skriv det sjølv: "*På grunn av avstanden er kriteriesettet lagt til grunn på de ulike skolestedene (..), slik at hvert skolested er vurdert som en skole*". Det er 60 km mellom Lom og Otta, altså ein 2 timers kjøretur (tur/retur), så både Lom og Dombås må uansett ha sin eigen avdelingsleiar. For ein rektor som sitt i Utgard er det lettare å jobbe for å vidareutvikle skulen, samt ha eit tett og godt samarbeid med både kommunane og næringslivet.

Dette blir støtta opp av eit lesarinnlegg frå Utdanningsforbundet Innlandet: "*Det må være en rektor på hver skole og det må være god lederstøtte slik at denne kan få drive skole sammen med det pedagogiske personalet*".



DEL 3:

FYLKESKOMMUNEN SI UTGREIINGSPLIKT

Vi forstår at skulestruktur-debatten er krevjande og at det er mange hensyn å ta. Det er heller ingen som ynskjer at denne saka skal dra ut lenge over tid, fordi den skapar mykje usikkerheit for dei som blir ramma.

Det er likevel essensielt at denne saka er godt nok utgreidd, fordi konsekvensane vil bli så store for lokalsamfunna, næringslivet, tilsette og det aller viktigaste; for ungdommen vår, framtida.

DEL 3: UTGREIINGSPLIKT

Lom kommune stiller derfor spørsmål knytt til Innlandet fylkeskommune si utgreiingsplikt, og om denne er tilfredsstillende handtert når det kjem til: .



- Barnets beste sett opp mot kriteriesettet
- Barnets beste når det gjeld skuleskyss
- Barnets beste når det gjeld bustadtilbod
- Barnets beste når det gjeld utanforskap
- Barnets beste når det kjem til økonomi
- Barnets beste når det kjem til likestilling
- Samfunnsøkonomisk analyse
- Økonomisk vurderingar
- Klimarekneskap

3. UTGREIINGSPLIKT

Barnets beste sett opp mot kriteriesettet:

"Ved handlinger og i avgjørelser som gjelder barn, skal det som er det beste for barnet vurderes særskilt og være et grunnleggende hensyn. Det offentlige er forpliktet til å vurdere om en handling gjelder barn eller kan få konsekvenser for barn, og gjøre en vurdering av barn sine rettigheter etter blant annet Grunnloven og barnekonvensjonen. Den som har ansvaret for handlingen, må sørge for dette".

Dette står skrevet på regjeringen sine heimesider under "FN konvensjon om barnets rettigheter".

Lom kommune opplev kriteriesettet som ligg til grunn for saka som veldig snevert, med fokus på oppfyllingsgrad, antall tilbod og grove økonomiske estimat med stor usikkerheit. Dette favoriserer store skuler framfor små, og by framfor distrikt. **Men først og fremst saknar vi ei grundigare vurdering knytt til "barnets beste".**



Foto: Live Andrea Sulheim / Lom kommune

3. UTGREIINGSPLIKT

Barnets beste når det gjeld skuleskyss:

I saksframlegget står det at "Andelen elever i videregående skole som mottar skoleskyss i Innlandet fylke overstiger 50 %, og dette er den høyeste andelen blant alle fylkene i Norge". Nedlegging av tilbod i både Nord Gudbrandsdalen og dei andre distriktskulane vil automatisk auke dette talet, med dei negative konsekvensene som følger av det.

Forskning viser at **elever som reiser med bil eller buss til skolen har vesentleg dårligere helse enn elever som går eller sykler**. Det er påvist en klar sammenheng mellom bruk av skoleskyss og nedsatt balanse og bevegelighet i rygg og hofter i artikkelen "Skoleskyss svekker barns helse" (TØI).



Foto: Aktiv i Lom

3. UTGREIINGSPLIKT

Barnets beste når det gjeld bustadtilbod:

Opplæringsloven § 9-3.

Hjelp med å skaffe bustad til elevar i den vidaregåande opplæringa

Når ein elev ikkje kan nytte dagleg skyss til skolen, skal fylkeskommunen hjelpe til med å skaffe eleven ein stad å bu. Er det ikkje mogleg å skaffe eleven bustad på annan måte, skal fylkeskommunen sørge for at det blir bygd ein elevheim.

Vi kan ikkje sjå at det er vist til denne plikta i saksframleggget, men den vil jo vere av stor betydning dersom fylkeskommunen legg ned ei rekke med skular.

Korleis vil fylkeskommunen følge opp dette, og kor mykje ressursar / investeringsmidlar må dei bruke for å halde seg innanfor opplæringslova?

I Gudbrandsdalen er det kun Hjerleid i Dovre (privatskule) som pr. no kan tilby hyblar til elevane sine.
Allereie i dag bur over 2000 elevar i Innlandet på hybel, men berre kvar femte skule på landsbasis kan tilby hybel.

3. UTGREIINGSPLIKT

Barnets beste når det kjem til økonomi:

Borteboerstipendet for 2024-2025 ligg på kr. 6677 pr. månad. Til samanlikning ligg gjennomsnittsprisen for å leige ein toroms i Norge på 10 650 kr (SSB, målt i desember 2023).

Korleis skal dette reknestykket gå opp for ein elev når levekostnadene etc. kjem i tillegg?

For Gudbrandsdalen veit vi allereie at lønnsnivået er lågare enn i sentrale strøk.

Lom ligg t.d. på plass nr. 323 av 356 kommunar i landet når det kjem til inntekstnivå jamfør NHO sitt kommune-NM.

Den økonomiske belastninga med å ha ein elev på hybel gjer at skillet mellom land og by kan øke ytterlegare, og for den enkelte kan det bety reduserte moglegheiter til å ta riktig utdanning.

Utover den økonomiske belastninga veit vi at det er svært krevjande å finne ledig bustad i mange kommunar, det er stort press pga. mellom anna flyktningkrisa. Sjå t.d. denne artikkelen i byggindustrien. „*NHH-professor mener det er flere faktorer som vil presse leieprisene oppover over hele landet i tiden fremover. – Det er en eksplosjon i leiepriser vi ikke har sett maken til, informerer Utleiemarkedslagene*“ (juni 2023).

3. UTGREIINGSPLIKT

Barnets beste når det gjeld utanforskap:

Berekningar viser at det **kostar NAV 12–13 millionar kroner om ein skoleungdom ikkje fullfører skolen og blir gåande på trygd hele livet**. Ifølge berekningar frå Ipsos MMI, kunne samfunnet spart 5,4 milliardar i året dersom fråfallet i vidaregåande blir redusert med ein tredjedel.

Fråfall frå utdanning og arbeidsliv blir forbunde med auka risiko for dårlegare levekår og helseplagar.

Annakvar elev som ikkje fullfører og består vidaregåande opplæring blir avhengig av langvarige offentlege ytingar i følgje Innlandsstatistikk. Denne sterke negative samanhengen er skildra i fleire tidlegare analyser (sjå for eksempel Falch og Nyhus, 2011 eller rapport frå OECD). Utan tett oppfølging frå heimen og skulesystemet er sjansane større for at elevar fell frå. I denne samanhengen er elvar med særleg behov ekstra utsett. For mange av desse vil både hybel og pendling vere uaktuelt.



Foto: Live Andrea Sulheim / Lom kommune

3. UTGREIINGSPLIKT

Barnets beste når det gjeld likestilling:

Konvensjonen om rettigheter til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD), som Norge er forpliktet til å følgje, har grunnleggjande prinsipp som skal synleggjerast i alle politiske avgjersle:

*“CRPD artikkel 24 gjelder retten til utdanning uavhengig av funksjonsevne. **Artikkelen forplikter staten til å sikre et inkluderende utdanningssystem på alle nivåer.** For at dette skal la seg virkelig gjøres, må staten sørge for at elever med nedsatt funksjonsevne ikke stenges ute fra det allmenne utdanningssystemet, herunder videregående opplæring, på grunn av nedsatt funksjonsevne. Elever med nedsatt funksjonsevne skal ha tilgang til en inkluderende, god og gratis videregående opplæring i sitt lokalsamfunn, på lik linje med andre”.*

KS-konsulent Jo Fiske vurderer saksframlegget til å vere ”svært tynt utredet” når det kjem til elevar med spesielle behov.



Foto: Kl-generert

3. UTGREIINGSPLIKT

Klimaavtrykk:

I regional plan for Klima, energi og miljø står det at *"innen 2030 har Innlandet redusert direkte klimagassutslipp med 55% i forhold til utslippene i 1990"*. Dette er i tråd med det Norge har forplikta seg til gjennom Paris-avtalen.

Ei nedlegging av opp mot ni skular vil auke transportbehovet og dermed CO2-utsleppa. Er dette tatt med i reknestykket til fylkeskommunen, og korleis står dette i stil med målsettinga nemnt over?

Elevar med funksjonshemmning eller sjukdom har i tillegg rett på "nødvendig reisefølge" jamfør opplæringslova, noko som vil auke transportbehovet ytterlegare.



3. UTGREIINGSPLIKT

Mangel på samfunnsøkonomisk analyse:

I saksframlegget frå 30. april står det rett ut at "økonomiske konsekvenser for elever og samfunnsøkonomiske konsekvenser belyses ikkje". Dette må sies å være "på grensen til en saksbehandlingsfeil" jamfør Jo Fiske, KS-konsulent.

Det er eit krav i kommunelova § 13-1 at ein sak som blir lagt fram skal vere "forsvarleg utgreidd".

Kommunen meiner at utgreiingsplikta ikkje er oppfylt før både dei økonomiske OG samfunnsøkonomiske konsekvensane er nøyne vurdert.

3. UTGREIINGSPLIKT

Mangel på grundige økonomiske vurderingar:


Det står elles i saka at det vil bli "jobba med å gjøre mer grundig økonomiske vurderinger til saken skal legges frem til fylkestinget i oktober".

Dette er med andre ord etter at høyringsfristen er ute.

Det vil dermed vere umogleg for høyringsinstansar å kommentere på innhaldet av desse vurderingane. Dette ser vi på som uheldig.

Eit konkret døme er det som fylkeskommunen har dratt fram som "sunk cost".

Dette er definert som «pådratte kostnadar som har påløpt og som ikkje kan reverseres», t.d. lange husleigeavtaler utan oppsigelsesmoglegheiter. I saksframlegget står det at "desse er *irrelevant i vidare økonomiske analyser*". Men i dette tilfelle meiner vi at dette blir eit heilt feil begrep å legge til grunn. Sunk cost er eit begrep som brukast for å hindre at det satsast vidare på prosjekt som uansett har dårlige framtidsutsikter. Vidaregåande skular bør ikkje plasserast i den kategorien. Husleigekostnadane for dei vidaregåande skulane i heile Innlandet bør derfor vere ein del av det totale bildet når politikarane skal fatte sine vedtak.



3. UTGREIINGSPLIKT

Økonomi: eit døme

For Lom sin del så har Innlandet fylkeskommune inngått ei husleigeavtale med Utgard fleirbrukskus, som stod klar i 2012 (etter ei stor investering på over 100 millionar). Fylkeskommunen har inngått ei leigeavtale fram til 2038 som ikkje kan seiast opp i tidsperioden, med mindre dei betaler "gjenværende del av kapitalkostnadane for leigeperioden for det tidspunktet leier trer ut av avtalen".

Leigeavtala starta opp frå august 2013. I 2024 vil det derfor vere ein gjenverande kapitalkostnad på rundt 8 millionar. Fylkeskommunen må altså betale ut denne summen eller fortsette å betale årleg leige fram til 2038 dersom skulen blir lagt ned. Dette er ikkje nemnt med eit ord i saksutgreiinga, sannsynlegvis fordi det er definert som ein "sunk cost" av administrasjonen. **Lom kommune meiner det blir feil å utelate desse millionane i ei økonomisk vurdering av kost / nytteverdi.**

3. UTGREIINGSPLIKT


Er innsparing i andre delar av fylkeskommunen vurdert?

Gjennom prosessen har det vore mykje fokus på at elevgrunnlaget går ned, og at det er derfor er heilt naudsynt å gjere innsparingar av økonomiske årsaker. Når kommunane står i tilsvarende situasjon (med dårligare råd) er det vanleg å gjennomføre prosessar der kommunen vurderer sparetiltak i ulike sektorar, og ser dei ulike behova opp mot kvarandre. Dette er utan tvil krevjande, men det handlar om kommunebudsjettet må sjåast under eitt.

Når Innlandet fylkeskommune legg fram saka så er dette, så vidt vi kan sjå, utan å vurdere om det er andre innsparingstiltak i andre sektorar kunne vore aktuelle. 76% av inntektene til fylkeskommunen blir definert som frie inntekter. Dersom vi ser på netto driftsinntekter til vidaregående utdanning av samla netto driftsutgifter (%) så ser vi at gamle Hedmark fylkeskommune brukte 54% og gamle Oppland fylkeskommune brukte 52% av samla driftsutgifter på vidaregående utdanning attende i 2019.

I 2023 er Innlandet fylkeskommune nede på 48% av netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring, ein vesentleg lågare prosentandel enn t.d. Viken (57%) eller Agder (61%). Det finst også fylkeskommunar som er heilt nede på 36 % (Nordland), så poenget er ikkje nødvendigvis at Innlandet skal bruke mest – men å annerkjenne at det finst eit handlingsrom der som er avhengig av politiske prioriteringar. Politikk handlar om å prioritere, og vi meiner at eit godt utdanningstilbod til ungdom i heile fylket må vektast svært høgt.

4. GEOGRAFISKE AVSTANDER I GUDBRANDSDALEN



Vi ynskjer å behalde eit godt utdanningstilbod i heile Gudbrandsdalen, og meiner det er uheldig å sette skulestadane Lom og Otta opp mot kvarandre.

Når det blir foreslått å bevare Lom ved å legge ned på Otta ynskjer vi å synleggjere konsekvensene for dei elevane som bur ytterst i regionen dersom både Otta og Dombås blir lagt ned. Dei geografiske forholda i Gudbrandsdalen gjer nemleg at Otta er plassert meir "midt i" samanlikna med Vinstra.



Sjå kart og tabell for illustrasjon på dei to neste sidene.

4. GEOGRAFISKE AVSTANDER I GUDBRANDSDALEN


Fylkeskommunen setter ei grense på 90 - 120 min reiseveg ein veg før det "reiser spørsmål om forsvarligheten overfor elevene".

Ved å behalde Otta og legge ned på Vinstra vil ein ungdom frå ytterst i Lesja (Bjorli) bruke 83 min kvar veg til Otta, samanlikna med 48 min kvar veg for ein elev frå Fåvang.

Ved å bevare Vinstra og legge ned på Otta vil ein ungdom frå ytterst i Lesja (Bjorli) bruke heile 108 min kvar veg til Vinstra, samanlikna med 32 min totalt for ein elev frå Fåvang.



4. GEOGRAFISKE AVSTANDER I GUDBRANDSDALEN



Dersom forslaget frå fylkeskommunen blir vedtatt vil Nord-Gudbrandsdal stå att med berre to yrkesfag. Det er vesentleg mindre enn samanliknbare regionar som Valdres og Østerdal jamfør debattinnlegg frå Skolenes landforbund.

Og der Valdres er på 5406 km² så er Nord-Gudbrandsdalen på meir enn det dobbelte med 11 044 km². Dersom Lom blir nedlagt må ein ungdom frå Skjåk pendle over 3 timer pr. dag til Otta og over 4 timer pr. dag til Vinstra.

Er det hensiktsmessig å vurdere Gudbrandsdalen "samla under eitt" som det står i saksframlegget, når dalen er 200km lang?

4. GEOGRAFISKE AVSTANDER I GUDBRANDSDALEN

Til	Frå	Reisetid <u>ein veg med buss</u>
1. Otta Vgs	Bjorli (Lesja)	2 t
2. Otta Vgs	Fåvang	1 t 37 min
3. Otta Vgs	Bismo (Skjåk)	1 t 20min

Til	Frå	Reisetid <u>ein veg med buss</u>
4. Vinstra Vgs	Bjorli (Lesja)	2 t 50 min
5. Vinstra Vgs	Fåvang	47 min
6. Vinstra Vgs	Bismo (Skjåk)	1 t 58 min

1: <https://entur.no/reisedetaljer/0a3fb3c6-fcdf-4514-b80e-6be1d08f48e5?source=travelResult>

2: <https://entur.no/reisedetaljer/f93675b4-05d5-4589-9029-797815cebb00?source=travelResult>

3: <https://entur.no/reisedetaljer/5a769973-0b9f-43c9-9f44-3d878ecb59a5?source=travelResult>

4: <https://entur.no/reisedetaljer/83563ea4-0fca-4b2b-b1ee-fd768f2a1d38?source=travelResult>

5: <https://entur.no/reisedetaljer/32aaebe5-e537-4201-a9e8-8e8ba6097881?source=travelResult>

6: <https://entur.no/reisedetaljer/3b56ac7a-196a-4b87-80d9-aa0a81423d39?source=travelResult>

Busstidene kan variere (lokalbuss eller ekspress), men eksempla er likevel nyttige for å illustrere reisetid. Ein ungdom frå Bjorli må t.d. rekne med fire timer i buss kvar dag dersom Dombås blir lagt ned, og nesten 6 timer i buss dersom Otta blir lagt ned.



DEL 5: STORT LOKALT ENGASJEMENT

Prosessen med å vedta ein ny skule- og tilbodsstruktur har skapt stort engasjement i heile fylke, og ikkje minst i vår eigen region.

Det har vorte forfatta ei rekke med lesarinnlegg frå både politikarar, innbyggjarar og frå næringslivet (sjå lenker og utvalte sitat i teksta).

Lom kommune tek utgangspunkt i fleire av desse lesarinnlegga i si høyringsuttale. I Lom har det i tillegg vore arrangert fakkeltog med rundt tusen deltagarar, ope møte med 170 deltagarar og det har vore samla inn over 3000 underskrifter i Lom, Skjåk og Vågå (sjå vedlegg).

Foto: Fakkeltog i Lom. Foto: Marit Tangvik

SITAT

Notat utarbeidd til Lom
kommune (kan sendes over v/
behov)



Jo Fiske, KS-konsulent

Høringsutkastet er opptatt av å beskrive en ny struktur som er økonomisk bærekraftig i tråd med elevtallsutviklingen. Det er også en intensjon om å opprettholde et kvalitativt godt tilbud med gode fagmiljø. Imidlertid mangler ganske mange elementer for at saken skal bli tilstrekkelig utredet og bli et godt kunnskapsgrunnlag både til høring og for kommende politiske vedtak.
De største manglene er:

- Konkrete økonomiske beregninger for de ulike modellene. Det er gradert med høye og lave kostnader, men det er ingen indikasjoner på hva som ligger i begrepene.
 - Konkrete beregninger på ekstra kostnader ved skoleskyss og evt. Internatbygg. Det samme gjelder eventuelle ombygginger av skolebyggene
 - Samfunnsøkonomiske konsekvenser ved f.eks. økt utenforskning når tilbuddet reduseres
 - Et totalregnskap som beskriver den endelige gevinsten av strukturendringen
 - Gjennomgående mangler barnets beste – vurderinger
 - Elevens stemme er ikke kommet fram.
 - Tilbuddet til elever med spesielle behov og konsekvensene for dem er svært lite beskrevet
- Etter vår vurdering har denne saksutredningen store mangler hvis det skal være et godt høringsutkast.



Utdrag frå russeavisa, signert Lomsrussen:

NEI til nedlegging:

Som mange kanskje veit er Nord-Gudbrandsdalen VGS avd. Lom vurdert nedlagt. Dette ynskjer Lomsrussen å seie noko om, for dette er vi absolutt ikkje einige i.

Vi er såpass heldige at vi har fått gått her i tre år, og vi vil at barna våre og skal få den opplevinga!

Skulen i Lom er og ein av dei skulane i LANDET som har høgast gjennomføringsgrad. Vi har og ein av dei høgaste oppfyllingsgradane i landet, saman med Hamar. Vi har klassar på rundt 20 kvart år på studie, og på bygg har det vore oversøkt dei siste åra.

ALL ÆRE til lærarane som jobbar ved Lom vgs, for DYKK gjer at oss klarar oss gjennom den travle kvardagen med både stress og press. VI ER SÅÅ GLADE FOR AT VI HAR AKKURAT DYKK!!!!

Vi har og eit veldig godt miljø, vil vi nå seie sjølv! Vi har gode klassemiljø innanfor klassene, men også eit godt miljø på tvers av klassene. Vi har så godt miljø at folk frå Lesja vel å søke bygg i Lom i staden for på Vinstra. Det burde kanskje seie noko til politikarane som styrer med dette??!!

SITAT

SIT AT

Høyringsuttale signert av over 60 reiseliv- og handelsbedrifter fra Lom, Skjåk, Vågå og omegn:

Aktiv i Lom AS
Andvord gard AS
Apotek 1 Lom
Bakeriet i Lom AS
Besseggen Fjellpark Maurvangen
Bjerke Opplevelser
Brimi Eventyr AS
Brimi Fjellstugu
Brimi Gard og Sæter AS
Brimibue (Nye Brimi Bue AS)
Bøverdalen Vandrerhjem og camping
(Bøverdalen samfunnslag SA)
Circle K Lom (Lom Servicesenter AS)
Coop Ottadalen SA
Dølakjøtt AS
Elveseter kunst- og kulturhotell
Esso (Nordal Servicesenter AS)
Explore Skjåk AS
Fjell og Fritid AS
Fjelleventyret AS
Fossheim Hotell AS
Fossheim steinsenter AS
Furuheim gard
Fyrst og Fremst AS
Galde Uppigard
eirvassbu AS
Lom bryggeri AS
Lom Destilleri AS
Lom kyrkjelege råd (Lom stavkyrkje)

Murgarden AS
Niventus Consult
Nordal Maskin AS
Nordal Turistcenter AS
Norsk Fjellsenter (Stiftinga Norsk Fjellmuseum)
Nordstedalseter Turisthytte
Ogro Holding SA
Ottadalen Butikkdrift AS
Ottadalen Mølle SA
Raubergrstulen Turisthytte AS
Røisheim hotell AS
Sentral'n AS
Skjåk Turistheim / Skeid Kro
Skogstad Sport Lom
Smak i Lom AS
Sognefjellshytta AS
Sota Sæter AS
Spiterstulen turisthytte (Spiterstulen Drift AS)
Sport 1 Lom (Lomseggen AS)
Steinar Skaansar og sønn AS
Stiftelsen Soleggjen Fjellstue
Strind gard (Trond Dalsegg)
Teigen Tun (Amund Teigen)
Visit Jotunheimen AS
Vågåvatnet Feriesenter AS

*Det kan bli fleire, men pr. 28.8.2024 var det 66 aktørar som hadde signert.

Utdrag frå høyringsuttale frå reiselivsnæringa i Ottadalen:

Lom har lange tradisjonar for mat og kultur, foredling og formidling. Vi har lokal kompetanse og vi har vilje. Reiselivet (overnattning, servering og kultur/aktivitet) i Lom genererte i 2022 ei verdiskaping på 75,8 millionar kroner. Om ein inkluderer nabokommunane Skjåk og Vågå vert totalen 144,7 millionar kroner (Innovasjon Norge).

Med ei lang rekke solide reiselivsbedrifter, sterke merkevarer og anerkjente namn, meiner vi at vi kan ta ein ledande posisjon - både som skulestad og i påverkadsarbeidet for å betre oppfatninga av mat- og måltidsbransjen nasjonalt. Alt ligg til rette for eit godt samarbeid (...), dersom fylkeskommunen er med oss. Reiselivet er dessutan Norges femte største eksportnæringer – og er av regjeringa definert som ei av våre viktigaste eksportsatsingar.

Om vi ynskjer liv i bygdene i framtida, kan ikkje fylkeskommunen legge ned det lokale skuletilbodet i Lom. Det er som å slå foten under alle planar om levande distrikt og ynskjer om å få folk til å bu og leve på byda! Ei nedlegging av det vidaregåande skuletilbodet vil ikkje ha negative konsekvensar berre for reiselivet, men for heile lokalsamfunnet. Dette er konsekvensar vi meiner at fylkeskommunen i altfor liten grad har utgreidd, og kunnskapsgrunnlaget har per no eit altfor snevert perspektiv.

Kjære politikarar; ikkje ta skulen frå oss. Ta heller eit klokt val for distriktet!

SITAT

SEBB

Brun Bygg

Jotunheimen Bygg

Stokk & Stein

Lom bygg

Stian Brenden

Knut Lund Rørleggerbedrift

Flåklypa Maskin

Reidar Andersbakken

HP Bygg

Tessand Byggservice

Innlandet tak og isolasjon

Nordal Maskin

Lom og Skjåk Rørservice

Skogen Entreprenør

Ottadalen Anlegg

KOG anlegg

Rønningen Anlegg

Aaboen

Kjell Magne Bøhle

Maskinstasjon

Skjåk Trelast

Skjåk Byggservice

Skjåk Bygg og
Vedlikehold

Flaten Bygg

Aaboen og co

Biteko

Byggern Skjåk

Eilev Bakke

MEF Innlandet

Ca. 320 tilsette +

29 lærlingar, med fleire
på tur inn til hausten

Utdrag frå lesarinnlegg, signert 30 bedrifter innanfor bygg og anleggsbransja i Lom, Skjåk, Vågå og Dovre.

"Det er 100 % dekning på lærlingeplasser hos firma i Ottadalen. De som ønsker læreplass, får læreplass. Holder skolen elever skal vi holde læreplasser! Bedriftene her kjenner sterkt på samfunnsansvaret med å ta inn lærlinger, men dette skyldes også lang og god erfaring med lærlinger.

Lærlinger som kommer fra videregående i Lom er spesielt ettertraktet. Dette gjelder både lokalt, men også nasjonalt.

Oppfyllingsgraden på skolen er allerede meget god isolert sett, og gjennomføringsgraden er nærmere 100 %. (95 % i snitt siste 5 år). Her vil man altså legge ned et tilbud som virker som det skal.

I fylkeskommunedirektør Tron Bamruds forslag til ny skole- og tilbudsstruktur er Lom videregående skole foreslått nedlagt i alle tre forslag. For bygg- og anleggsnæringen her vil dette ha enormt store og katastrofale konsekvenser"



SITAT

Utdrag frå høyringsuttala

Hallvard Helland, leiar i Lom Bonde og Småbrukarlag.

Levande lokalsamfunn er samfunnsberedskap. Energi – og matproduksjon skjer i distrikta. Skal ein oppfylle gode visjonar i Hurdalsplattform og stortingsmeldingar om matsikkerheit og totalberedskap må vi ha levedyktige lokalsamfunn, der ressursane ligg.

Utan skuletilbod vil færre finne det aktuelt å flytte heim og produsere mat (= overta ein gard), arbeide i kompetansekravjande bedrifter eller frå lokale kontorfellesskap. Det blir færre som skal ha ungar i barnehage og grunnskule, færre som treng elektrikar og røyrleggjar. Kva er reiselivet i Gudbrandsdalen utan levande lokalsamfunn? Lokale og stabile arbeidsplassar, store og små, er berekraft, beredskap og gode oppvekstvilkår for dei som kjem etter oss.

Vi kan ikkje sjå på skulen og skulebudsjettet som ein sektor isolert frå resten av samfunnet



SITAT

Utdrag frå høyringsuttala

FAU ved ungdomsskulane i Ottadalen (Lom, Skjåk og Vågå).

Vi ynskjer å uttrykke vår bekymring ang. forslaget med å legge ned avdeling Lom. Her er nokre punkt vi meiner må vurderast på det sterkeste:

- Avdeling Lom har eit sterkt tryggingsnett for elevane
- Skulen skårer høgast i fylket når det gjeld gjennomføringsgrad
- Vi har spurt fleire elevar kvifor dei vel Lom (...). Dei svarar at det er mest sosialt her, har best miljø og at dei får den beste opplæringa her.
- Avdeling Lom har klart å oppretthalde ei relativt stabil sokarmasse.
- Avd. Lom er ein viktig del av lokalsamfunnet
- Det er viktig for ungdommen å ha eit tilbod om vidaregåande opplæring i nærleiken til heimen sin.

Innstillinga til Innlandet fylkeskommune talar Innlandsstrategien til fylkeskommunen midt imot. Vil fylkestingpolitikarane ha levande bygdesamfunn, eller vil de at ljosa skal sløkkjast i alle vindauge i alle dei små bygdene i Innlandet?



Skanska Norge:

*"Det her er fryktelig trist lesning.
Jeg har snakket med mange ungdommer som forteller om
viktigheten av et tilbud i Nærmiljøet (...).
De færreste ønsker å flytte hjemmefra når de er 15-16 år for å
følge Yrkesdrømmen (...).*

*Lom er en kommune som har fostret mange
Yrkesfagarbeidere opp gjennom årene. Bransjen med FaFo i
spissen har spådd at det vil mangle opp mot 90.000
yrkesfaglærte inne 4-5 år. Mange av de er i vår bransje.
Tilgangen til utenlandsk arbeidskraft er kraftig svekket (...),
vi er helt avhengig av å skaffe egen Yrkesfaglig arbeidskraft.*

SITAT

Utdrag frå e-post

*Så hvis de legger ned etter en linje med Yrkesfag og tvinger
elevene over til Studiespesialisering, så er jeg faktisk
bekymret. Jeg håper alle tenker seg grundig om og ikke tar
bort nok en Yrkesfaglinje fra distriktene".*

Anniken Schaug Øverby, HR sjef fagarbeidere, Skanska Norge



SITAT

Utdrag frå høyringsuttala

Ungdomsrådet i Lom:

Ungdomsrådet ynskjer at Lom skal ha vidaregåande skule tilbod i Lom. (...) skulen i Lom har gode elevtal og karaktersnitt, majoriteten av elevane fullførar og det er eit godt lærings- og sosialtmiljø på skulen. Eit anna punkt som er viktig for ungdomsrådet er det gode samarbeidet mellom lærar og elev på skulen.

Ungdomsrådet ynskjer å presisera viktigheita av eit godt sosialt nettverk i ungdomstida. Ved å fjerna vidaregåande tilboden frå Lom kan det gjæve utfordringar for mange å oppretthalde kontakt med andre og moglegheitene til å delta i fritidsaktivitetar og i idrettslag i lokalsamfunnet. Eit anna argument for at vidaregåande bør bli vêrande i Lom er at det ikkje er alle ungdommar som er klare for å flytta for seg sjølv til ein ukjend plass.

Det å reisa tek også mykje tid. Tidleg opp om morgen, reise til skulen, følgje med på skulen, reise tilbake, gjera skulearbeid, øva til prøvar osv. Kor mykje tid blir det til sosiale aktivitetar i kvardagen? Det kan føra til eit høgt stressnivå hos enkelte og gå utover den psykiske helsa til ungdomane.



SITAT

Lesarinnlegg

Utdrag frå Utdanningsforbundet Lom:

Vi vil kommentere den forventa elevtalsutviklinga. Her blir NordGudbrandsdalen sett under eitt. No er det slik at avdelinga i Lom i hovudsak rekrutterer elevar frå Skjåk, Lom og Vågå. Om ein ser på tala frå desse kommunane, vil ein sjå at elevtala held seg stabile så langt fram som statistikken går. I framstillinga visast det til at årets søkeratal er ein del lågare enn åra før, men det nemnast ikkje at det allereie neste år vil vere eit rekordhøgt elevtalsgrunnlag. Dette er etter vårt syn ein særskilt kritikkverdig og snever bruk av talmateriale. Det reelle elevgrunnlaget syner at søkeraden til skulestad Lom med stort sannsyn ikkje vil gå ned i det heile dei neste 14 åra.

I Lom er fagmiljøet høgkompetent og oversiktleg nok til at alle lærarane, både innan fellesfag, programfag og yrkesfag kan samarbeide til ein kvar tid.

Utdanningsforbundet i Lom meiner den sterke oppslutninga rundt skulen er vel fortent, både sett i forhold til faglege, psykososiale, økonomiske og kompetansemessige grunnar



Likestilling og diskrimineringsforbundet ved Helene Falch og Andreas Erichsen

Basert på informasjonen som er gitt kan Innlandet fylkeskommunes forslag om å legge ned Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule avd. Lom stride med diskriminerings- og menneskerettslige forpliktelser.

Dersom elever ved skolen i realiteten blir stående uten skoletilbud, og dette skyldes deres funksjonsnedsettelse, vil dette kunne være i strid med diskrimineringsforbudet på grunn av funksjonsnedsettelse. Fylkeskommunen må eventuelt begrunne at forskjellsbehandlingen ivaretar et nødvendig saklig formål, som ikke er uforholdsmessig inngrpende overfor elevene det gjelder.

SITAT

Brev frå 4. juni 2024

I tillegg vil dette kunne være i strid med CRPD artikkel 24 som gjelder retten til inkluderende utdanning for elever med funksjonsnedsettelse. Dersom tanken er at elevene i stedet skal få et spesialtilbud, såkalt spesialskole, vil dette kunne føre til en uehdig segregering av elever med funksjonsnedsettelse som blant annet CRPD artikkel 24 er tenkt å motvirke".

Utdrag frå Kari Ousten Lyngved, arbeidsplassstillsvalgt

- Det som oppleves som verst i denne situasjonen er at fylkeskommunen over år har etterspurt kvalitet i alle ledd, mer kompetanse, høy gjennomføringsgrad, mer tverrfaglig samarbeid og bedre resultater knyttet til elevers psykiske helse. Vi har innfridd på alle parametere og er best i hele fylket. I tillegg har vi en oppfyllingsgrad på 83%, bare slått av de store skolene i mjøsbyene. Allikevel skal vi ikke ha livets rett. Det er helt uforståelig for oss, sier hun.

Det er fremtiden vår det er snakk om her, og for en bygd betyr det mer. Den symbiosen som vi lever i oppi her bryter sammen. Det er så mye mer enn en skole. Lom er spesiell på mange måter; geografisk, kulturelt og kulinarisk. Det er kombinasjon av fjell- og bygdekultur.

Vi er ett lag som arbeider i fellesskap for alle de 100 elevene vi har i år. Det merker elevene, og det gjør også noe med oss ansatte. Vi er sammen om hele skolen, vårt økosystem, der nesten alle møter er fellesmøter og alle vet alt. Sikkerhetsnettet rundt elevene er stort.



SITAT

Utdrag frå artikkel

SITAT

Utdrag frå lesarinnlegg



Sondre Bøye, kommuneoverlege i Skjåk:

Det er foreslått å legge ned den vidaregåande skulen i Lom - ein skule av høg kvalitet. For barn i Skjåk vil dette bety at ein vert tvinga til å bu på hybel, eller reise timesvis med buss kvar dag. For reisa er lang. Om ein elev i Skjåk byrjar å reise samstundes med søskenbarnet sitt på Hamar, så er bussen så vidt kome forbi Lalm når hamarsingen går av på Oslo S.

Lang reiseveg til skulen gjev større fråfall - og ungdom som har falt ut av utdanning er overrepresentert på statistikkar over mellom anna sosiale ytingar, uhelse og kriminalitet. Kostnadane ved dette åleine vil truleg langt overstige det ein sparar på skulebudsjetten.

Det er godt fundert at tidleg flytting på hybel gjev auka bruk av alkohol, hyppigare køyring i ruspåverka tilstand, tidlegare seksuell debut, mindre fysisk aktivitet og dårligare kosthald (Tidsskr Nor Lægeforen 2001, 121, 287-91).

5. LOKALT ENGASJEMENT: LESARINNLEGG

- Bruk skulen til samfunnsutvikling i tråd med Innlandsstrategien. Av Mari Sveen Steinehaugen, kommunestyrerepresentant for Bygdalista i Lom. <https://www.gd.no/bruk-skulen-til-samfunnsutvikling-i-trad-med-innlandsstrategien/o/5-18-1999978>
- Det finst måter å behalde skulestadane på. Av Marit Svanborg, Lesja <https://www.gd.no/det-finste-matar-a-behalde-skulestadane-pa/o/5-18-1999966>
- Skulen i Lom burde supplerast med naturfaglinjer. Av Torgeir T. Garmo <https://www.gd.no/skulen-i-lom-burde-supplerast-med-naturfaglinjer/o/5-18-1999695>
- Skulestruktur og skuledebatt i vidaregåande skule. Av Jehans Storvik, Vågå <https://www.gd.no/skulestruktur-og-skuledebatt-i-vidaregaande-skule/o/5-18-1998020>
- Lom vidaregåande skule på topp i Innlandet. Av Morten Kielland, Bygdalista i Skjåk <https://www.gd.no/lom-videregaende-pa-topp-i-innlandet/o/5-18-1999036>
- Vidaregåande skule – ein skule for segregering eller inkludering? Av Edel Kveen, ordførar i Skjåk. <https://www.fjuken.no/debatt/i/mQ7GRI/vidaregaaande-skule-ein-skule-for-segregering-eller-inkludering>
- Ynskjer vi oss eit levande bygdesamfunn, treng vi dei unge og lovande på ein lokal skulebenk! Av Mari Wedum og Marit Tangvik, Visit Jotunheimen. <https://www.fjuken.no/debatt/i/XbGKvr/ynskjer-vi-oss-eit-levande-bygdesamfunn-treng-vi-dei-unge-og-lovande-paa-ein-lokal-skulebenk>

5. LOKALT ENGASJEMENT: LESARINNLEGG

- Lom treng vidaregåande skule! Av Anne Wangen, Juvasshytta
<https://www.fjuken.no/debatt/i/RG3Vr2/lom-treng-vidaregaaande-skule>
- Utdanningsforbundet er bekymret for at det er med økonomibrillene man vil se på skole- og tilbudsstrukturen. Av Thore Johan Nærboe, Utdanningsforbundet Innlandet.
<https://www.fjuken.no/debatt/i/15Q4KB/utdanningsforbundet-innlandet-er-bekymret-for-at-det-er-med-oekonomibrillene-man-vil-se-paa-skole-og-tilbudsstruktursaken>
- Ikkje alle 16-åringar er modne for å flytte på hybel. Av Hallvard Helland, Oppland Bonde- og Småbrukarlag. <https://www.fjuken.no/debatt/i/jlVJM0/ikkje-alle-16-aaringar-er-modne-for-aa-flytte-paa-hybel>
- Skulestruktur i Innlandet. Av Kristian Frisvold, Mariann Skotte, Magne Vorkinn og Edel Kveen.
<https://www.fjuken.no/debatt/i/RGP732/skulestruktur-i-innlandet>
- Nå må fylkespolitikarane lyfte blikket og ikkje avvikle regionen vår.
<https://www.fjuken.no/debatt/i/rPpQgR/naa-maa-fylkespolitikarane-lyfte-blikket-og-ikkje-avvikle-regionen-vaar>
Av Mariann Skotte og Magne Vorkinn

5. LOKALT ENGASJEMENT: LESARINNLEGG

- Skolestrukturen – Rasering av bygg- og anleggsbransjen i Nord-Gudbrandsdalen.
https://www.fjuken.no/debatt/i/LM0dmq/skolestrukturen-rasering-av-bygg-og-anleggsbransjen-i-nord-gudbrandsdalen?fbclid=IwZXh0bgNhZW0CMTEAAR3QrZmjepcyfrnxhd99B_R4Zdk9hrEFbwxbSuOlbhn49gE-4WhESvOjYnE_aem_AeYnJ4kDgQVmOT_AxQ2qVDFexE00dKT_24X5Iz6ZscQPLmRCOE7a2IqxpAy-bp1zRhnD-q_bBmV6wHwS5tQA1wxy Av mange aktørar innanfor bygg- og anleggsbransjen i Skjåk, Lom, Vågå og Dovre.
- Sikkerhetsnettet rundt elevane er stort hos oss:
https://www.utdanningsforbundet.no/fylkeslag/innlandet/nyheter/2024/sikkerhetsnettet-rundt-elevane-er-stort-hos-oss/?fbclid=IwZXh0bgNhZW0CMTEAAR2CzGv3g8giN3Yx4JKEzaSFRQJdprVthwW2cqILBxoAVCwbIAhVF5-XVt0_aem_Acb1NWzQeSj_E_IADm9Sv9ZE5FChUOoWXzjLxu1X7VySttVZ3ZC6SN2gr8pyXF_0IBAhYfJ7K5pP57xfRHFq3Nff Av Kari Ousten Lyngved, arbeidsplassstillsvalgt
- Ungommen fyrst. https://www.fjuken.no/debatt/i/JbWkM7/ungdommen-fyrst?fbclid=IwZXh0bgNhZW0CMTEAAR2erhYQWJKZu-GknkhzCHJ1zpMepULTQ1U_wJnZPqOu7o43FnnV1ry1_d0_aem_AWqmZzMhmdx8-K9D5Ttug-fYxofXed_H6tr8wLrTj5Z7qMgYI33xzfUtdnfVWXrv0XEUKC3EAnaGIrKWLSTa5DEa Av styra i Skjåk, Lom, Lesja, Dovre og Vågå Arbeiderparti

5. LOKALT ENGASJEMENT: LESARINNLEGG

- Eit skulebudsjett i underskot på vidsyn. Av Sondre Bøye, Skjåk
<https://www.fjuken.no/debatt/i/XjlPKB/eit-skulebudsjett-i-underskot-paa-vidsyn>
Må vi fram med hammeren? Av Øystein Skarset, Lom
<https://www.gd.no/ma-vi-fram-med-hammaren/o/5-18-2002507>
- Ei varsla katastrofe for distriktskommunane. Av Trond Volden, bygdalista i Lom.
<https://www.gd.no/ei-varsla-katastrofe-for-distriktskommunane/o/5-18-2000824>
- Skole, utenforskap og sosiale forskjeller. Av Kristian Frisvold, ordførar i Lom
<https://www.gd.no/skole-utenforskap-og-sosiale-forskjeller/o/5-18-2000551>
- Uten fagfolk, ingen matregion. <https://www.gd.no/uten-fagfolk-ingen-matregion/o/5-18-2000290> Av Åse Harjo Øvstegård, Gudbrandsdal Næringsforening

Dette er eit utval plukka ut før sumaren. Sidan den tid har det kome ei rekke fleire lesarinnlegg som kan leses på Fjuken og GD sine debattfaner.

Dei fleste innlegga går imot høyringforslaget til Innlandet fylkeskommune.

UNDERSKRIFTSKAMPAJNE:

OVER 3000 HAR SIGNERT UNDER FOR Å BEHALDE SKULEN I LOM.

OPPSUMMERING:

Lom kommune forstår at dette er ei krevjande sak, men stiller seg likevel svært kritisk til at Nord-Gudbrandsdalen skule avd. Lom blir foreslått nedlagt i alle alternativa.


Lom vgs er ein velfungerande skule som leverer svært gode resultat, m.a. ein gjennomføringsgrad på rundt 100%. Den er livsnerv i lokalsamfunnet vårt.

Vi meiner at kriteriesettet som er lagt til grunn er altfor snevert, og at utgreiinga manglar vesenteleg opplysningar.

Kommunen meiner heller ikkje at det er noko reelt eller godt alternativ å legge ned Otta for å behalde Lom, da tilbodsvifta i Nord-Gudbrandsdalen allereie er for snever.

Kommunen meiner at Lom vgs bør vidareutviklast i tett samarbeid med m.a. næringslivet.

Les meir om det i høyringssuttala.



SPØRSMÅL? Lom



Ta kontakt med Kristian Frisvold, leiar av ad hoc-utvalet i Lom og ordførar i Lom kommune.

E-post: Kristian.Frisvold@lom.kommune.no
Telefon: 414 41 090

Ad hoc-utvalet har elles bestått av:
Kjell Brandar, Frøydis Marstein, Elin Husom, Bjørn
Ola Aukrust og Magnus Bø. Kommunedirektøren har
stilt med sekreteriat.



KJELDELISTE:

- SINTEF sin rapport om fremtidens arbeidsmiljø, som referert av Utdanningsforbundet Innlandet
- FN konvensjon om barnets rettigheter
- Innlandsstatistikk om vidaregående opplæring
- Betydningen av fullført vidaregående opplæring for sysselsetting og inaktivitet blant unge voksne (Falch og Nyhus)
- Investing in Youth: Norway. Rapport fra OECD
- Skoleskyss svekker barns helse (artikkel fra TØI)
- Innlandsstrategien
- 12609: Utvalgte nøkkeltall for videregående opplæring (E) 2015 - 2023
- Store norske leksikon
- NRK-artikkel: Fylkeskommunen er pliktig til å hjelpe Trym (18) med bolig
- Økonomisk utvikling i Gudbrandsdalen
- NHO sitt kommune-NM
- Konvensjonen om rettigheter til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD)
- Barnets beste-vurderinger, Jo Fiske, KS konsulent. Kan sendes over v/ behov
- Frykter at salongen må stenges
- Statistikk fra Inntakskontoret i Innlandet, sendt på e-post 27.08.2024.
- Det er også referert fra lesarinnlegga, som lista opp på førre side.